



Sverre Leonard Solberg
Hopsdalsvegen 67
5915 Hjelmås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/657 - 23/9772

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
03.02.2023

Registrert avvik slamavskiljar og varsel om tvangsmulkt - gbnr. 193/4 Mundal øvre

Tiltak: avvik slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr 193/4
Tiltakshavar: Sverre Leonard Solberg

Alver kommune har den 20.01.2023 motteke melding frå Norva24 om at det ved tømning av slamavskiljar den 05.12.2023 vart det registrert: «Anlegget har store konstruksjonsfeil. I bilete ser ein jord/steinmassar over tanken, som ikkje er sikra. Dett difor litt og litt oppi tanken over tid. Pr no får me berre tømme litt septik i toppen, for me kan ikkje køyr grus og stein inn i bilane våre.» Avviket er knytt til anlegget på eigedommen din med adresse Hopsdalsvegen 67.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 03.06.2023.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra tanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/657.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i tank - gbnr 193/4 Mundal øvre
bilde
Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Sverre Leonard Solberg

Hopsdalsvegen 67

5915 Hjelmås